



Styret i den nye ungdomsklubben. Frå venstre: Anne Parnefält Størksen, Christoffer Søfteland, Sigve Søfteland, Thomas André Dahl, Amanda Isabel Helgesen, styreleiar Andrea Søfteland og heilt framme, Amalie Lyssand Gram-Knutsen. (Privat foto)

Inviterer til storslått klubbop



Dei største musikkstjernene i bygda står på scenen når den nye ungdomsklubben «Ung lørdag» for første gong opnar dørene på... ja, laurdag.

TEMA UNGDOM

KENNETH SVENNINGSEN
kenneth@osogfusa.no

KENNETH SVENNINGSEN
Kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Initiativtakarane har jobba med ungdomsklubb-prosjektet i fleire år. Laurdag er det altså tid for å invitera alle 13-18-åringar i bygda til klubbkveld på Os barneskule.

- Me har fått høve til å nytta den doble gymsalen på Os barneskule, så kapasiteten burde vera optimal, seier ein av initiativtakarane, Øyvind Hægland.

Han trur dei kan husa godt over 200 ungdomar kvar laurdagskveld framover.

- Det har alltid vore litt dårleg tilbod for ungdommen om laurdagen. I lag med Anne Lyssand ved førebyggjande avdeling hos

Me har mange gode mentorar som har bidrege til at dette no blir ein realitet.

ØYVIND HÆGLAND

Os lensmannskontor, natteravnane i Os, FAU ved dei to ungdomsskulane i bygda og fleire andre har me no sett i gang denne klubben. Så får me håpa at ungdommen finn vegen, seier Hægland.

Ungdomsstyre

For litt sidan sette dei saman eit ung-



Klart for sto

Os Orienteringsklubb er stadig på farten med nye aktivitetar. Laurdag presenterer dei stolpejakt, som er ei form for urban orientering på gateplan i og rundt Os sentrum.

KENNETH SVENNINGSEN
Kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Mattias Døsen Pontoppidan ved ein av dei karakteristiske 30 stolpane som no er sett ut på ulike plassar i og rundt Os sentrum.



Eirik Søfteland var ikkje sein med å svara ja då han vart spurt om å underhalda på opningskvelden for den nye ungdomsklubben. (Arkivfoto: Vilde Birkeland Skogen)

ning

domsstyre, som etter kvart skal få det fulle og heile ansvaret for aktivitetstilbodet i klubben.

- Me har sett saman ei gruppe på sju ungdomar. Dette er initiativrike og kreative elevar frå Os og Nore Neset ungdomsskular og Os vidaregåande skule. Dei er alt i gang med arbeidet og har mange planar, fortel Hægland.

Ein del føringar har dei fått frå dei som står bak.

- Dette skal vera eit rusfritt tilbod for ungdom. Klubben skal vera inkluderande for all ungdom i Os, og det skal vera tilrettelagt for eit breitt aktivitetstilbod, seier Hægland.

Han veit at det alt er lagt opp til samarbeid med fleire aktivitets-grupper i Os.

- Med tida vert det lagt opp til klatrekvelder, kajakkurar og liknande tilbod i tillegg til dei vanlege klubbkveldane, seier Hægland.

Konsert og video

På opningskvelden på laurdag slår dei på stortromma. Då blir det konsert og videonuttar frå kjente og kjære Os-heltar.

- Me kjem til å ha fire av dei største artistane i Os på scenen. *Eirik Søfteland*, *Hans-Marius Johnsen*, *Fredrik Kristiansen* og *Tone Rose Bratland* er alle klare for å spela for ungdommen. Dessutan har me nett redigert ferdig ein video med helsingar frå Os-kjendisar og anna moro, fortel Hægland.

Konferansierjobben er det ungdommen

sjølv som tek seg av.

- *Amalie Lyssand Gram-Knutsen* og *Anette Søfteland* har sagt ja til å ta den jobben. Det kjem dei til å fiksa flott, seier Hægland.

Heimbussing

For initiativtakarane har det heile tida vore viktig at foreldre skal føla at det er trygt å senda ungdommen til den nye klubben. Difor har dei gjort fleire tiltak.

- Me er så heldige at me får natteravnane til å vera vakter. I tillegg vil me ha ein minibuss til disposisjon, slik at me kan hjelpa å køyra heim ungdom som av ein eller annan grunn ikkje får lift med andre, fortel Hægland.

Fram til sommaren vert det gratis inn-

Me har sett saman ei gruppe på sju ungdomar. Dette er initiativrike og kreative elevar frå Os og Nore Neset ungdomsskular og Os vidaregåande skule. Dei er alt i gang med arbeidet og har mange planar.

ØYVIND HÆGLAND

gang.

- No laurdag vert det også gratis pizza, sidan dette er den offisielle opninga, seier Hægland.

olpejakt i Os

I samband med presentasjonen av den nye aktiviteten nyttar klubben høve til å gjera eit par ekstra PR-stunt for å promotera sporten endå litt meir for osingane.

- Hovudpoenget er å presentera stolpejakten som aktivitetstilbod, men me nyttar sjølvstøtt høvet til å snakka varmt om sporten vår og prøva å hanka inn fleire medlemmer. Laurdag vert det orientering for alle pengane, skjemtar nestleiar i klubben, *Marie Pontoppidan*.

Nysgjerrige og sporty osingar vert bedne om å finna vegen til Kyrkjeflaten.

- Det er der me kjem til å ha basen. Så vert det lagt til rette for litt aktivitetar i og rundt Os sentrum, seier Pontoppidan.

Barneløp

For dei aller minste vert det invitert til

brikkeløp rundt grusgangen på Kyrkjeflaten.

- Det bruker å vera veldig populært blant dei små. Då får dei låna tidsbrikene, som me vaksne bruker å ha på oss under O-løp. Deretter kan dei få opplyst eksakt kor lang tid dei bruker på runden, fortel nestleiarane i klubben.

Aktivitetstilbodet på Kyrkjeflaten vert stort.

- Me vil også demonstrera noko me kallar presisjons-orientering. Dette er ein orienteringsvariant spesielt utvikla for folk i rullestol. Her handlar det om å velja rett post ut frå fire alternativ. Eller for å seia det litt meir konkret: Utøvaren har fire postar på kartet, medan berre ein av postane finst i verkelegheita, forklarar Pontoppidan.

30 stolpar

Men hovudpoenget er altså å presentera den nye aktiviteten stolpe-orientering, eller tur-orientering, som det også vert kalla. Løypa dei har sett ut i Os har fått det passande namnet «Finn fram på Øyro».

- Dette er ei veldig artig form for orientering, der det meste går føre seg i gatestrek. Me har frivillige som har sett ut 30 stolpar her i Os. Ein del av plassane er nær tilknytt kulturminne, så orienteringsturen kan også bli lærerik, seier Pontoppidan.

Me vil også demonstrera noko me kallar presisjons-orientering. Dette er ein orienteringsvariant spesielt utvikla for folk i rullestol.